



John Bråten

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/567 - 15/7563

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

29.07.2015

Gbnr 27/34 Kvalheim Øvre - Klage på eigedomsskatt

Vi viser til motteken klage på grunnlag for eigedomsskatt for denne eigedomen. Klager på taksten skal handsamast av takstnemnda for eigedomsskatt. Klagen dykkar er den einaste som er komen inn for 2015, og det er mykje «styr» å halda nemndsmøte for ei enkel sak, der utskriven skatt maksimalt kan bli redusert med kr 471,-.

For å vera litt ressursvenleg, vil eg difor foreslå at handsaming av klagen vert utsett til ordinær handsaming i samband med utskriving av eigedomsskatt for 2016. Eigedomsskattekontoret vil då be om at nemnda handsamar klagen med verknad frå 1.1.2015. Ein kan då korrigera utskriven skatt for 2015, dersom nemnda finn å gje medhald i klagen. Vi understrekar at nemnda fattar vedtak på sjølvstendig grunnlag, og at innhaldet i klagen ikkje er vurdert .

Vi vonar at dette er ei løysing de kan akseptera.

Med helsing

Sveinung Kvamme

Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

John Bråten

